

## Juryens uttale om stipendmottakere 2021

Kultur-, næring og folkehelseutvalet tildeler følgende stipend i 2021:

### Visuelle kunstarter – arbeidsstipend 200 000 kroner:

Henrik Koppen – Lauvstad – performance – video – skulptur - installasjoner

*Koppen er en ung kunstner i utvikling. Hans performancer er særegne og personlige. Han har stort potensial som vil ha stor nytte av stimulanse for å forløses. All grunn til å tro at han vil løfte seg videre med stipend.*

*Han har flere spennende prosjekt på gang.*

*Som en av svært få unge og nyutdannede, har han rett etter utdanning ikke bare valgt å vende hjem og bosette seg i fylket, men også aktivt delta i fylkets kunstarrangementer, og i å bruke fylket som en arena for sitt kunstnervirke. Søknaden viser et rikt spekter av prosjekt for fylket. Kunstnermiljøet i fylket har svært god bruk for en kunstner som ham, og et stipend vil demonstrere at fylket mener alvor når de ønsker å oppmuntre også unge og mer uetablerte kunstnere til å vende tilbake/flytte til fylket.*

### Film – arbeidsstipend 200 000 kroner

Jan Otto Ertesvåg – Ålesund – film

*Kortfilmskaper - Jan Otto Ertesvåg har en helt særegen stemme. Gjennom en lang produksjon, nå sist med «Triologien fra fjøra» – «Tipp Topp», «Nattfjøra» og «Bergtatt» utfordrer han naturelementer, der teknikker trekkes i nye retninger. Han leker med elementer, gjennom bilder, lyd, lys, klipp og humor skapes historier.*

*Ertesvåg lager kortfilmer med sterkt billedspråk, gjerne abstrakte elementer som fremstår som små epos eller dikt. Han utfordrer, men får publikum med seg på sine underfundige reiser. Fra naturelementer som også innbefatter en film i preproduksjon «Regn», skal han ta dette videre inn i en annen hverdag. Ertesvåg bor og virker i Ålesund, men har en særegen stemme som når langt ut av fylket, han er en viktig stemme i animasjonsmiljøet i Norge, og har oppnådd stor anerkjennelse på filmfestivaler i inn- og utland.*

*Denne gangen skal historien utspille seg på en byggeplass. Alle prosjektene utfordres i Ertesvåg sitt billedspråk og alle nye prosjekter krever ny fordypning gjennom å utfordre seg selv som filmskaper. Ertesvåg har stor gjennomføringsevne.*

### Visuelle kunstarter – stipend 100 000 kroner

Anja Ulseth – Tingvoll – tegning – foto – tekst – fanziner – installasjon

*Hun har en bredt anlagt praksis med tegning, maleri, tekst, bøker, skulptur og installasjon. Mestrer sine valgte medier godt, teknisk og kunstnerisk. Hun har gjort flere vellykkede samarbeidsprosjekter med andre kunstnere. Ulset har en velfundert og interessant innfallsvinkel til publikasjon som kunstnerisk medium. Hennes planer om å opprette et forlag og satse på egne publikasjoner, er en god*

*modell for å sikre et bredt nedslagsfelt for både sitt eget, og etter hvert også andre kunstneres, kunstnerskap i fremtiden.*

*At hun nå også skal utvikle sin kompetanse om tre-materialet vitner om vilje og evne til nyskaping og utvikling. Det er også interessant hvordan hun bruker sine omgivelser – lokale håndverksressurser, tilgjengelige lokaler. Styrke for fylket – et stipend vil virke stimulerende for valget om å vende tilbake til fylket, virke inspirerende for andre som vurderer det samme.*

### Film – stipend 100 000 kroner

Anders Emblem – Ålesund – Film

*Kunstnaren har ei tydelig og unik stemme i filmspråket sitt. Gjennom fleire kortfilmer og ein langfilm har Emblem i stor grad oppnådd å reindyrke eit filmspråk som kan definerast som “slow cinema” eller sidelengs forteljing i motsetning til klassisk aksjon/reaksjon og konvensjonell historieoppbygging.*

*I søknaden lesar vi om store utfordringar som kunstnaren er bevist på, men som like fullt ikkje har stoppa hans kunstnerskap. Dette viser djup kunstnerisk ambisjon og gjennomføringsevne. Emblem har no slått rot i Møre og Romsdal, mykje grunna hans ønske om å bruke natur-kulissene til å spegle menneske som bur her, som bur i naturen. Det naturlige i det spesielle.*

*Det går fram av søknaden at Emblem har arbeida lenge i filmfeltet (15 år) og alle hans prosjekt blir djupt gjennomarbeida før dei realiserast. Han har no tre gode og nyskapande historier i tidleg fase. Emblem har ei forteljarstemme som fortener tid og rom til å materialisere seg i fleire sidelengs historier i sakte tempo.*

### Litteratur – stipend 100 000 kroner

Elin Grimstad – Giske - animasjon og forfatter

*Grimstad er i tillegg til å vere fofattar, både animatør og musikar. Det er interessant at ho klarer å kombinere dei ulike ferdigheitene sine i nye prosjekt. Elin Grimstad bruker naturen, tradisjonane og arkitekturen i heimfylket som inspirasjon og tek det med seg inn i ei heilt særeigen kunstnarisk framstilling. Eit stipend vil gjeva ho moglegheit til å etablere seg som kunstnar på heimstaden.*

*Kunstnaren har to store prosjekt på gang og begge prosjekta er grundig dokumentert i søknaden, skildringane ber preg av at forfattaren er kome godt i gang med planlegginga av prosjekta og at ho har høge kunstnariske ambisjonar.*

*Dei to prosjekta skildra i søknaden har tidkrevjande og teknisk krevjande produksjonsfasar, samt at prosjekta hennar er veldig originale. God tid til å fordjupe seg i dei kunstnariske teknikkane og å arbeide med kvaliteten på utforminga er heilt nødvendig for å lykkast med ambisjonane.*

### Litteratur – stipend 100 000 kroner

Ann Helen Kolås Ingebrigtsen – Valderøy - forfatter

*Ann Helen Kolås Ingebrigtsen (f. 1980) er ein forfattar i etableringsfasen, busett på Valderøya. Ho debuterte med ungdomsromanen Sinne på Samlaget i 2020. Romanen har fått mykje merksemd. Boka var i 2020 ei av dei ti mest lånte ungdomsbøkene ved Deichman i Oslo. Ingebrigtsen arbeider for*

*tida med ein ny ungdomsroman, i tillegg skriv ho på med ein roman for vaksne og ein for mellomtrinnet.*

*Forfattaren har høge kunstnariske ambisjonar og viktige tankar å formidle. Ann Helen Kolås Ingebrigtsen står på terskelen til å etablere seg som forfattar. Eit stipend vil vera ei viktig anerkjening og tilrettelegging for å kunne gå inn i yrket.*

### Musikk – stipend 100 000 kroner

Kari Telstad Sundet – Kristiansund – komponist

*Sundet er nyetablert i fylket og viser til ein solid karriere innanfor sjangeren elektroakustisk kammermusikk, men lagar også reint akustiske og elektroniske verker. Prosjektet ho vil bruke eit stipend til, er allereie eit tingingsverk som ho treng mykje fordjuping til på grunn av grundig forarbeid og idéutvikling. Musikken sitt visuelle potensiale, forholdet mellom menneske og maskin, og lydane sine evne til å vekke assosiasjonar og minne opptek ho i arbeidet generelt, og her spesielt. Ensemblet som skal framføre verket heiter FiveByFive Rochester, New York, USA. Eit kunstnarstipend vil bidra til godt inn i prosjektet*

*Det er svært avanserte og moderne teknikkar ho nyttar. Det nevrane nettverket BigGAN lagar visuelle assosiasjonar til musikken. Ho virkar godt orientert i den teknologiske utviklinga, og kan frå si lokasjon ha kontakt med heile verda og arbeide kunstnarleg opp mot teknikkane og utviklarselskapa som driv nyskapinga på hennar fagområde.*

### Musikk – stipend 100 000 kroner

Jorunn Marie Kvernberg – Volda – musikal og komponist

*Kvernberg er ein etablert og dyktig musikal som no ønsker å utvikle sin kompetanse innan komponering og arrangement.*

*Ho har ein god og grundig søknad med relevante vedlegg som viser korleis ho hittil har jobba og no vil fordjupe seg vidare.*

*Gjennom arbeidet i eige virke og kunnskap utanfrå skal ho lære meir om notasjon og instrumentering på tvers av sjangrar.*

*Ho vil gjere eksperiment i komponeringa der ho lyttar og lærar av andre komponistar, og freistar bruke andre arbeidsmetodar og innfallsportar til komponeringa enn dei ho vanlegvis brukar.*

*Eit stipend vil ta utviklingsarbeidet vidare og gjere at ho kan etablere seg enda meir som komponist.*